



Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Det var 56 representantar til stades.

Saksordførar for planen, Rasmus Laupsa Rasmussen, orienterte.

Elisabeth N. Sævik sette på vegner av KrF fram slikt oversendingsforslag:

"KrF ber om at det i tiltaka i revideringa/rulleringa av handlingsplanen vert lagt til grunn heim og familie si viktige rolle, særskilt i samband med punkt 3 E og 3 F om førebyggjande arbeid og overgangen mellom ulike nivå i utdanningsløpet."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg

3. Leggje til rette for trygge skulevegar.

4. Leggje til rette for fleire tilrettelagte arbeidsplassar.

5. HFK har som prinsipp at vidaregåande skular skal stille lokale gratis til bruk for frivillig sektor."

Røysting

Sævik sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 23 røyster (SV, A, MDG, Sp) og fall.

Vedtak

Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.